



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

23.01.2024

Vår ref:

2022/4334

Dykkar dato:

27.11.2023

Dykkar ref:

202317336

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om erosjonssikring mot Sogndalselvi ved Sogn handelspark i Sogndal kommune

Statsforvaltaren meiner at planlagt erosjonssikring ved Sogndal handelspark vil kunne gjennomførast med akseptable konsekvensar for naturmiljø og friluftsinteresser, føresett at det blir stilt krav om avbøtande tiltak som er tilrådd i konsekvensutgreiinga.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknaden for erosjonssikring ved Sogn handelspark.

Bakgrunn

ADA Sogndal AS har søkt om løyve til å erosjonssikre ei 170 meter lang strekning av Sogndalselvi ved Sogn Handelspark. Det er påvist erosjonsskade i elvekanten, som allereie sterkt påverka av utbygginga av handelsparken og plastring mot elva på delar av strekninga. Sogndalselvi er verna mot kraftutbygging i verneplan IV, og det er ein høg terskel for tiltak som kan redusere verneverdiane. Tiltaksstrekninga er lakse- og sjøaureførande.

I konsesjonspliktvedtaket for ein tidlegare sikringsplan, har NVE stilt krav om at søknaden skal innehalde eit alternativ der sikringa er trekt så langt vekk frå elva som det let seg gjere, slik at det blir plass til elva og eit funksjonelt kantvegetasjonsbelte. Det er lagt fram tre alternativ; ei løysing der eksisterande etablert sti og mur mot handelsparken er oppretthalde, og to alternativ der sti langs elva og mur er teken vekk.

Statsforvaltaren er bedt spesielt om å vurdere om kjende allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot vårt sektoransvar. I tidlegare innspel i saka har vi etterlyst ein plan for tilbaketrekt forbygging med plass til eit funksjonelt kantvegetasjonsbelte, og som tek omsyn til verneverdiar, kantvegetasjon og fisk.

Vår vurdering

Det er utgreidd konsekvensar for naturmiljø, landskap og friluftsliv, inkludert verdiar som ligg til grunn for vassdragsvernet, for tre alternativ. Alternativ 1 vil vidareføre eksisterande mur og tursti, og kjem best ut, hovudsakleg på grunn av friluftsverdiane knytte til turstien. Dei to andre alternativa utan tursti langs elva kjem betre ut i landskapsvurderinga, men altså dårlegare ut for friluftslivet.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvaltaren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Historisk har det berre vore eit tynt kantvegetasjonsbelte på strekninga, sidan det har vore drive jordbruk nesten heilt inn til elva. Alle alternativa, òg alternativ 1, vil føre til ein monaleg auke i breidda på kantvegetasjonen, og det det er foreslege å etablere tre med kroner over stien, og å leggje jord på øvre del av sikringa. Reguleringsplanen for området legg opp til at turstien skal vere allment tilgjengeleg, og det er ønska ei viss breidde på stien. I konsekvensutgreiinga er det vurdert som eit dårleg alternativ å leggje gang- og sykkelstien oppe i handsparkområdet, blant anna på grunn av trafikktryggleik.

Vi vurderer naturmiljø og brukarinteresser til å vere godt utgreidd og integrert i planane. For laks/sjøaure og naturmiljøet ved elva, vil det vere best med ei godt tilbaketrekt sikring, og eit breiast mogleg vegetasjonsbelte. Vi vurderer alternativ 1 til òg å ivareta disse interessene og til å vere foreinleg med vernegrunnlaget, og samtidig kan turstien som ligg inne i reguleringsplanen realiserast. Det er utført flaumberekningar, og det må føresetjast at vald løysing får tilstrekkeleg flaumkapasitet.

Statsforvaltaren i Vestland meiner, ut frå dette, at alle alternativa vil kunne gjennomførast med akseptable konsekvensar for naturmiljø, landskap og friluftsliv. Vi legg til grunn at det blir vurdert/stilt krav om avbøtande tiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga. Heilt sentralt her er tilrettelegginga av eit funksjonelt kantvegetasjonsbelte, habitattiltak for fisk, og avgrensing av anleggseffektar.

I vintersesongen ligg det rogn i elvebotnen nedstraums, og eventuelt slam frå gravinga som sedimenterer på elvebotnen, kan redusere overlevinga for laks og sjøaure. Gravinga bør utførast så skånsamt som mogleg ved låg vassføring, for å minimere erosjon/tilslamming. Det må vurderast avbøtande tiltak, dersom det er fare for å forureine elva nedstraums slik at det kan få slike konsekvensar. Vi viser elles til forureiningslova § 7 om å unngå forureining.

Vår vurdering er elles at tiltaket, utført i tråd med plan og inkludert avbøtande tiltak, vil ikkje føre til redusert miljøtilstand etter vassforskrifta.

Med helsing

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sogndal kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 153
Postboks 7900

6851
5020

SOGNDAL
BERGEN